# DEN NORSKE KYRKJA
Forsand kyrkjelyd

Kyrkjerådet

| Deres ref.: | Vår ref.: | Vår sakshansamar.: | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 17/00008-003 | Siv Fossan | 008 | 15.03.2017 |

**HØYRINGSSVAR FRÅ FORSAND SOKNERÅD VEDR. UTPEIKING AV BISKOPAR**

Forsand sokneråd hadde oppe høyringssaka sak 6/17 i møte tysdag 14. mars. Av 7 medlemmar var 7 til stades. Vedtaket blei gjort samrøystes.

**VEDTAK:**
**Forsand sokneråd støttar ein modell med rein valordning for utpeiking av biskop.**

Forsand sokneråd meiner at den beste valordninga er den som peikar ut ein biskop som sokna, prestane og tilsette med røysterett i bispedømmet ynskjer. (modifisert modell 3)

Denne valordninga:

- Tek § 2 i Kyrkjelova på alvor: «Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke og kan ikke løses frå denne».
- Demokratisk, og i samsvar med ordningane i europetiske og nordiske kyrkje.
- Brei nominasjon og kvalifisert vurdering av kandidatar blir ivaretatt i nominasjonsprosessen av bispedømmerådet.
- Dei fire hovudelementa i bispetenesta blir ivaretatt (s 6 i høyringsnotatet).
- Einskap i sokn og bispedømme blir best ivaretatt, og blir ikkje svekka i Den norske kyrkje.
- I samsvar med tilegare kyrkjemøte sitt syn.

Dersom ei valordning med røysterett berre i bispedømme som Forsand sokneråd primært går for, ikkje blir realisert, støttar Forsand sokneråd sekundært ei valordning gjort greie for i modell 3.

Venleg helsing

Siv Fossan

Siv Fossan
Kyrkjeverge


| Adresse: | Tlf/faks | E-post/Internett: | Bankkonto / Org.nr.: |
|---|---|---|---|
| Fossanvegen 380 | Tlf: 51700170 | kyrkjekontoret@forsand.kommune.no | |
| 4110 FORSAND | Faks: | www.forsand.kyrkje.no | |